



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

29. Årg.

JANUAR 1975

Nr. 1

Framtiden i mine hender?

Res. kap. Magne Olav Steinnes

Nyttårstid er de gode forsetters tid. Nå skal en begynne med regelmessig trimming. Nå skal en kaste den avskyelige sigaretten for godt. En vil med andre ord stake opp en kurs som skal bli noe bedre enn for det året som gikk. Det kan være bra så langt det rekker at menneskene forbedrer sin livsførsel. Men ved utgangen av hvert år så står en igjen og igjen med den bitre erfaring av mislykkethet. De mange gode forsetter som brast. Det var så mange uforutsette ting som ødela de gode planer. Og slik vil det alltid være hvor viljesterk et menneske er. Menneskenes plan kan bare følges et stykke på veg. Det er momenter som kan kullkaste de beste opplegg. For fremtiden er ikke i menneskenes hender. Brutalt fortalte en bilulykke om dette rett over nyåret. Mennesker som kort tid i forveien var

ønsket godt nytt år måtte legges inn på sykehuset med kompliserte skader. Det uvisse ligger der som en farlig hånd som kan gripe oss alle sammen, som en hån mot både nyttårsforsett og nyttårsønsker.

Midt i dette uvisse er det at David kan si: «I din hånd er mine tider» (Salme 31,16). Han kjente noe som var hevet over uvisshetens verden. Ja, ikke bare kjente, men eide denne Gud i sitt hjerte. En Gud som har rakt sin hånd ned til oss alle i Jesus Kristus for å føre oss trygt gjennom livet. Livet kan nok herje hårdt, men aldre rive det ut av den hånd som Gud har grepet. Den hånd som til syvende og sist har den store trygghet som mål. Salig er det menneske som kan gå inn i det nye året ydmyket under Guds veldige hånd. Han skal få se Livet.

Kyrkjeferd for 50 år sidan

Kyrkjeferd for 50 år sidan, kan det vera noko å fortelja om? Jau, for oss som var barn den gongen, var ei kyrkjeferd ei stor oppleving som festa seg i barnesinnet, og gav minne for heile livet.

Tider og skikkar, dei skifter. Det var ikkje berre å ringja etter bil når ein skulle til kyrkje i dei tider då me var born. Nei, då var det med hest og vogn. Kyrkjeturen måtte førebuaust laurdag. Far stella vogna i stand, såg etter at seletøyet var i orden, like eins at skorne til hesten sat godt, for det var ofte at hesten lika å springa når me kom ned på storevegen og fleire hestar kom til. Og sjølv sagt måtte den kostast og stellast.

Me borna vart bada og bytt på om kvelden. Dei beste kleda me hadde, måtte mor sjå vel etter om det vanta ein knapp eller noko. Skorne måtte og smyrjast so dei var både mjuke og blanke.

Sundagsmorgon var me tidleg oppe

Hausvik og Faugstad ^{A/S}

Vaksdal

Telefon 3603.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

— det var ingen som forsov seg ein slik dag. Mor måtte mjølka og stella oyra, og iar ordna med høysekken åt nesten.

Me borna tykte nok at far somla noko lengje, for me gjekk berre å venta på å koma i veg. Endeleg var me kledde i dei beste kleda me hadde. Sjølve tykte me at me var fine om ikkje alt var i moderne «snitt». Nista måtte og mor stella i stand, for turen var lang for oss borna.

Endeleg fekk og mor kledd seg til kyrkjeferd. Ho hadde svart stakk, svart trøye og «konehuve». Det var ei svært fin huve med bånd og perlepynt på. Jau, me borna tykte mor var fin når ho hadde fått kyrkjekleda på. So bar det endeleg iver.


Det var 7 km. heimefrå til Flatekval der kyrkja står, men der var veg alt det eg minnest. Kan henda Blakka hadde stått i ro ei tid, så ho var litt amper etter å koma i veg. Far måtte sitja med strame taumar. Og betre vart det ikkje når me kom ned på storevegen som dei sa, og det kom hestar frå Fjellanger og Øksendal. Då bar det i veg so småsteinen spratt kring hestehovene. I Lavik kom det endå fleire hestar til, og då bar det endå snøggare iver, for hestane syntest det var moro å kappspringa. Det var og ein del folk som gjekk. Serleg la me merke til ein høgrest mann med langt hellskjegg og gløgge augo. Det var Anders Lavik. Han hadde vore stortingsmann og ordførar. Og so hadde han stade i brodden for å få bygt kyrkja. Me hadde age for den mannen. (Framhald neste nr.)

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam
Merarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne
B. Helle og Magne Hesjedal.
Kasserar Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro nr. 723 47. Bankgiro nr. 103385/123.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Velkomen til tenesta i Vaksdal !



Søndag 12. januar vart *Magne Olav Steinnes* innsett som residerande kappellan i Vaksdal prestegjeld. Det var prost Augun Østtveit frå Voss, som sette han inn i embetet. For første gong var prost Østtveit i kyrkja på Vaksdal, og han nytta ogso høvet til

å tale til kyrkjelyden. Kyrkjekoret deltok med vakker song. Myrkje folk var møtt fram for å helsa på prosten og frua, og dei nye prestefolka.

Me ynskjer Steinnes og familien hjarteleg velkomne til teneste i Vaksdal.

I ein samtale med Steinnes får me høyra at han er frå Stavanger, og utdana på Menighetsfakultetet i 1967. Hans første presteteneste var som feltprest i Harstad i halvtanna år. Etter det var han res. kap. i Nord-Rana, med bustad i Storforshei, omlag tre mil frå Mo i Rana. Mange vert forferde når dei høyre om avstandene i Vaksdal Prestegjeld, men dette kan ikkje skræma Steinnes. Han er vane til mykje større avstandar der nord. Prestegjeldet var vidare enn heile Vestfold fylke, to prestar, 17 preikestader, men berre tre kyrkjer. Dei andre møter og gudstenester var i skulehus og forsamlingslokaler.

«Planar og håp for arbeidet her?» spør me. —

Nei, han kjem ikkje med ferdige planar som han vil pressa igjennom her. Det første han vil gjera er å læra folk og forhold å kjenna, og so gå inn gjennom dørar han finn opne. Der nord var det lite kristeleg verksemd utanfor kyrkja, og dei kristelege organisasjonane arbeidde svært tungt. Truleg er det annleis her, og han gled seg til godt samarbeid med alle.

Formann i soknerådet, Mons Myren helsa prosten og dei nye prestefolka hjarteleg velkomne til Vaksdal.

Me seier igjen hjarteleg velkomne til Vaksdal, og må Gud signa deira inngang og arbeid for Gud her mellom oss.

L. Bj.

Dåp utanom gudsteneta

I den seinare tid har det vore ein tendens til å ta dåpen bort frå gudstenesta søndag formiddag, og ha dåp, gjerne på ein kvardag og om kvelden. Våre biskopar har teke opp dette spørsmålet, og åtvarar sterkt mot denne tendensen. Ved dåpen vert barnet medlem av kyrkjelyden. Dåpen høyrer difor med til gudstenesta når kyrkjelyden er samla.

Dåpen som eit sakrament — som ei heilag handling der Gud på ein synleg måte gjev oss sin usynlege nåde, — den er ikkje bunden av tid eller stad. Når særlege grunnar talar for det, kan dåp forrettast utanom gudstenesta søndag formiddag, men desse liner går som ei helsing til foreldre som har småbarn: Velkomen med dei små til kyrkja, når kyrkjelyden er samla i Guds hus. I kyrkjebladet finn ein kva tid der er dåp i dei ymse kyrkjer. Dåpen må meldast til presten, eller til klokkaren der det ikkje er prest, seinast dagen før.

Eit minne frå barneåra

Far var ofte tidleg oppe om morgonen. Det første han då gjorde var å gjeva hesten mat. «Hesten jortar ikkje, og vinternatta er lang», sa han. — Om sommaren var det ikkje uvanleg at far var komen på slåtteteigen i 3-4 tida om morgonen. Når mor hadde laga til morgonmaten, var det ein av oss borna som gjekk med maten til han. Så var det min tur å gå. Det var ein vakker sommarmorgon. Sola tok til å gylla fjelltoppane, og småfuglane song i lund og lid. Far var i utkanten av innmarka, og hadde alt slege ein bra teig. Eg såg han ingen stad. Men komen nærare, høyrde eg

han prata med einkvan. Eg tykte det var med nokon av naboane. Eg gjekk vidare. Då såg eg at far sat på ei tuva innimellom den grønne småskogen med folla hender i bøn til Gud. Han såg ikkje meg. Når han var ferdig, gjekk eg heilt fram. Far sat der så roleg, smilte og var takksam for maten mor hadde sendt meg med. — Seinare har eg sett at far hadde laga til denne kvilestaden.

Det er lenge sidan dette no, men tuva med den mosegrodde steinhella, er der ennå. Eit minne om eit bønalter i kvardagen. Mange gonger har eg stogga der når eg har fare framom. —

*«Langt bortom himmelblånar,
Lenger enn soler går,
Høgre enn stjerner strålar,
Den barnlege bøna går!
Ånda frå skuggestrender,
Løfter sitt vengjepar,
Bankar på himmelporten,
Og søkjer sin heim sin far.*

Ja, måtte me alltid minnast kor me i verda går, At til Guds eige hjarta, Den barnlege bøna når.

Helsing med ynskje om eit
godt år til alle.
Magne Hesjedal

Eidsland Samvirkelag

EID'SLANDET

Filial: Lavik

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

Ta barna med til kyrkje!

Den verdskjente tyske misjonslege, filosof og muskar, skriv i ein av sine mange bøker:

«Frå gudstenestene eg var med på som barn, har eg fått med ut i livet sansen for høgtid, og trangen til stillheit og sjeleleg konsentrasjon. Eg kan ikkje tenkje med livet og tilveret utan dette. Difor er eg ikkje eining med dei som ikkje vil ta barna med til dei vaksne si gudsteneste før dei skjønar noko av det. Det er ikkje dette å forstå, som er hovudsaka for dei små, men at dei opplever høgtid i Guds hus. At barna ser dei vaksne har andakt, og sjølve vert gripne av dette, det er det som har so stort verd for dei små.»

Musikkanter

Ver velkomen til Dale Kyrkje:

26. januar, Salmekveld, Nye salmar.
23. febr., Musikkandakt. Dale Mannskor m.m.

Torsdag 20. mars, Fastevesper.

13. april, Konsert med Vivaldis Gloria, Slettebakken Kyrkjekor og Dale Mannskor.

Vaksdal Kyrkje 9. febr. Musikkandakt. Sjå elles kunngj. i bladet «BRUVIK».

Frå Hardanger og Voss

ligg no føre melding om at prostirådet for 1974-77 no er konstituert: Formann: Hans Soldal, Nestformann: Sjur Sekse, Kasserar: Olaug Hjelmevoll, Mons Myren, og Martin Skjerveheim. Prestane sin representant: res. kap. Paal Vagle, Jondal. Prosten er sjølvskrivne.

A TELJA VÅRE DAGAR

DET LÆRE DU OSS

SO ME KAN FÅ VISDOM I HJARTA!

*Han er såra for våre synder
Knust for våre misgjerningar*

Velkomen til fastemøter

Dale Kyrkje, torsdag 20. februar, Sokneprest Bjørsvik.

Vaksdal Kyrkje, torsdag 20. februar, Res. kap. Steinnes.

Stamnes Kyrkje, torsdag 27. februar, Sokneprest Bjørsvik.

Stavenesli grendahus, torsdag 27. februar, Res. kap. Steinnes.

Eidsland kapell, torsdag 6. mars, Res. kap. Steinnes.

Grøsvik, torsdag 6. mars, Sokneprest Bjørsvik.

Kyrkjebladet

Kyrkjebladet for Vaksdal Prestegjeld, reknar me med finn veg til alle heimar. Ta imot det som ei personleg helsing til deg frå Kyrkja. — I tida no framover, vil det koma nokon å samla inn bladpengar (Kr. 10,— pr. år). Det hender at dei ikkje finn folk heime når dei kjem, og må gå fleire gonger. Dei som ikkje har høve å betala til ein som kjem rundt, kan senda pengane til kasseraren:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik
Postgiro 7 23 47.

Dale Blomsterhandel

Blomster ved alle høve

Ring tlf. 2346 — Dalekvam



Magne Møster

Kyrkja på Eidslandet var fullsett, tysdag 14. januar då Magne Møster vart fylgt til sin siste kvilestad, av bygdefolk, slekt og vener.

Magne Møster var fødd 28/7 1887, og vart vel 87 år gamal. Med han er ein av dei mest trufaste støtter i bygda borte. — Korleis var denne mannen? Han møtte deg alltid med smil, still og roleg. Han var mild, men bestemt, han hadde meiningar som ikkje blafra etter vinden. Han visste kva han trudde på. Han var misjonsven, men like mykje indremisjonsmann, og i kyrkja høyrde han heime. Frå kyrkja vart bygd i 1925, var han medhjelpar og kyrkjetenar i mange år. Sterkt kjenner bygdefolket saken etter denne mannen. Me takkar han for det han var, som tenar i kyrkja, som misjonsmann, og som sjelesyrjar.

Gud signe minnet etter Magne Møster.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Frøde Christian Eliassen, fødd 20. sept. 1974, døypt 23. nov.

Rune Kvamme, fødd 29. sept. 1974, døypt 23. nov.

Linda Cecilie Reigstad, fødd 19. sep. 1974, døypt 1. des.

Birte Vik, fødd 29. aug. 1974, døypt 8. des.

VAKSDAL:

Øystein Jacobsen, fødd 16. okt. 1974, døypt 15. des.

STAMNES:

Kjartan Straume, fødd 20. sept. 1974, døypt 24. nov.

May Lillian Kalstad, fødd 7. okt. 1974, døypt 14. des.

VIGDE:

DALE:

Johannes Ingvald Toskedal, og Inger Elise Leiro, vigde i Dale Kyrkje 2. nov. 1974.

Erling Knutsen, og Marit Anny Vaksdal, vigde i Dale Kyrkje 28. sept.

Olav J. Straume og Leikny Vassen, vigde i Dale Kyrkje 28. des. 1974.

VAKSDAL:

Håkon Ekse og Marie f. Audestad, vigde i Bergen 1. nov. 1974.

Dagfinn Ekse og Anne Lise Ulevold, vigde i Bergen 20. des. 1974.

AVLIDNE:

DALE:

Emil Salberg, fødd 11. des. 1908, døydd 4. des. 1974, gravlagd 13. des.

Madli Kvamme, fødd 22. mai 1893, døydd 21. des. 1974, gravlagd 27. des.

Sigvald Hagebø, fødd 7. mai 1925, døydd 30. des. 1974, gravlagd 4. jan. 1975.

VAKSDAL:

Åsa Bergitte Boge, fødd 8. jan. 1895, døydd 21. nov. 1974, gravlagd 26. nov.

STAMNES:

Hans Paul Berglund, fødd 12. april 1900, døydd 11. nov. 1974, gravlagd 19. nov.

Trygve Tøsse, fødd 23. okt. 1924, døydd 13. des. 1974, gravlagd 18. des.

Dag Strømme, fødd 7. april 1957, døydd 1. jan. 1975, gravlagd 8. jan.

GUDSTENESTEK

Sønuag septuagesima, 26. januar:

Stamnes Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Magne Olav Steinnes. Innsetjing.

Bergsdalen Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Søndag seksagesima, 2. februar:

Eidslandet Kapell. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Innsetjing. Nattverd.

Vaksdal Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Santalmisjonen.

Fastelag-søndag, 9. februar:

Eksingedalen Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Innsetjing. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

1. søndag i Faste, 16. februar:

Nesheim Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Innsetjing. Offer til Det Norsk Misjonsselskap.

Stamnes Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

2. søndag i Faste, 23. februar:

Bergsdalen Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Innsetjing. Offer til Norsk Lærarakademi Vaksdal Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

3. søndag i Faste, 2. mars:

Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Eidslandet Kapell. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

Midfastesøndag, 9. mars

Vaksdal Kyrkje Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

Eksingedalen Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.



Dale Servicestasjon

THORE ROGNVED

Tlf. 2189 Dalekvam

Bensin — Dekk — Rekvisita

Arth. og Arne Vaksdal HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

Marimesse, 16. mars:

Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Israelmisjonen.

Stamnes Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Søndagsskolen og Y.A.

Palmesøndag, 23. mars:

Vaksdal Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nesheim Kyrkje Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Skirtorsdag, 27. mars:

Bergsdalen Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Eidsland Kapell. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Langfredag, 28. mars:

Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Påskedag, 30. mars:

Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Vaksdal Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til arbeidet ved Soknerådet.

2. Påskedag, 31. mars:

Stamnes Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamb.

Eksingedalen Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag, Tysdag. Ons-
dag og Fredag .. 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605
Tysdag og Fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Måndag frå kl. 9.30 til kl. 14.30

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTT'S
SKOFORRETNING
Dalekvam**

RADIOSPECIALEN ^{1/5}

Tlf. 2240 DALEKVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER - SANGBØKER

EIDE & PETERSEN ^{1/5}

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG
Ass. Landhandel og Bakeri
FILIAL SKAFTÅ

Stanghelle Handel
STANGHELLE

**Vaksdal koop. Handelslag
VAKSDAL**

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning